



Felles profilering av Sommarbygda Uskedalen blir viktig også i år. Her står prosjektleiar Kristian Bringedal med fjorårsplakaten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Merking av turveggar og stiar i og omkring Uskedalen er eit stort løft hvis nettet skal kome opp i nokonlunde bra standard. Det understreka leiar i turgruppa i idrettslaget Steinar Haugland under det første Dialogforum i Gamleskulen.**

Haugland bad om at fleire melder seg til teneste – så skal han syta for maling! Fleire streka under at ei god marknadsføring av stinettet er viktig, men Haugland la vekt på at det først blir skikkeleg opprusta.

Turgruppa under Bygdeutviklingsprosjektet held fram og no er Åse Neset leiar. Denne gruppa skal vera ansvarleg for turvegane nede i bygda: Frå Eikedalen og ned til Fet, over Dønhaug og Gamlevegen frå Halsabrotet til Rød.

Turgruppa i idrettslaget har ansvar for stiar i fjellet. I fjor vart det merka til Høgetind i Nåsø, men merkinga til Englafjell er for dårleg. Merkinga til Manen er under arbeid og det trengs betre merking frå Halsane og til fjells – også langs Mannsvatnet. Over Solfjell vart det merka i fjor og dei held fram der i år. Over Hauglandsfjellet vart dei nesten ferdig i fjor.

I fjor vart det laga eit kart siom viste tilbodet av turveggar og stiar og trykt i Uskedalsposten. Dette vil det no bli laga særtrykk av for distribusjon og opphenging. Kartet bør også visa parkeringsplassar, vart det streka under på møtet.

Ei anna sak som var oppe var felles profilering av Sommarbygda Uskedalen, som vil bli gjennomført også dette året med pressekonferanse og plakatar. Thor Inge Døssland var ein av dei som streka under kor viktig der er å

visa at dette er ei bygd der det skjer noko og Arne Terje Haugland peika på at det er viktig å spela på lag i marknadsføringa.

Av Ola Matti Mathisen



Det møtte nesten 20 til det første Dialogforum i Gamleskulen og det vart eit handlingsretta møte. Det neste blir halde tysdag 22. april.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)